



Utgraving for ny einebustad.

Sist veke starta eit nytt gravemakinarbeid inst i Ospelunden byggefelt. Til dei som har lurt på kva dette arbeidet er, kan vi gje den gledelege melding om at det er starten på ein ny einebustad. Byggherrane kjem utanfrå, men har tilknytning til Uskedalen. Det også meir på gang i feltet i næraste framtid.

To-mannsbustaden like ovanfor der einebustaden kjem, er nyleg ferdigstilt og klar for salg. Det er brødrene Røsland som eig denne bustaden, og det har alt vore interessentar på visning. Også lenger ute i feltet er ein leilighet i to-mannsbustad lyst for salg.

Oddbjørn Kroka i Ospelunden byggefelt kan elles melda om at dei alt neste veke startar med grunn- og betongarbeidet på tremannsbustaden ved sida av Geir Inge Koløy. Planen der er at ein først skal gjera den delen ferdig, og så startar dei bygginga når den første leiligheten er seld.

Det er svært kjekt at det er såpass god aktivitet i dette feltet, men så ligg det også nydeleg til!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland